

Kommunestyret si handsaming av sak 9/2024 i møte den 15.02.2024:

Handsaming

Frå utval for plan og samfunn låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Detaljreguleringsplan for Hagebytnet, arealplan-ID 4640-2021006 vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, med plankart datert og føresegner datert 17.01.2024.
2. Føresegn § 6.1.9 vert omformulert til følgjande:
 - «Dersom felt B1-B3 vert realisert som tre einebustader, skal arealet UTE inngå i tilgrensande bustadtomt som privat uteopphaldsareal, i tråd med framlegg til tomteinndeling vist i situasjonsplan datert 19.01.2024. Arealet skal ikkje bebyggast. Føresegner knytt til opparbeiding av UTE, inkl. rekkefølgeføresegn fell då bort, og det skal ikkje gjevast løyve til seksjonering/oppføring av fleire bueiningar innanfor kvart felt. Hybel tilknytt eigen bustad er tillete.»
3. Føresegnene vert oppdatert med dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene på følgjande punkt:
 - Situasjonsplan med tre einebustadtomter, datert 19.01.2024 vert lagt til som juridisk dokument.
 - VAO-rammeplan vert oppdatert med dato tilsvarande siste versjon.

Habilitet:

Kommunestyret fann representanten Mari Husabø (Sv) ugild til å delta i handsaminga av saka, jamfør forvaltningslova § 6 andre ledd. Det møtte ikkje vara for Husabø.

Avrøysting:

Samrøystes.

Vedtak

1. Detaljreguleringsplan for Hagebytunet, arealplan-ID 4640-2021006 vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, med plankart datert og føresegner datert 17.01.2024.
2. Føresegn § 6.1.9 vert omformulert til følgjande:
 - «Dersom felt B1-B3 vert realisert som tre einebustader, skal arealet UTE inngå i tilgrensande bustadtomt som privat uteopphaldsareal, i tråd med framlegg til tomteinndeling vist i situasjonsplan datert 19.01.2024. Arealet skal ikkje bebyggast. Føresegner knytt til opparbeiding av UTE, inkl. rekkefølgeføresegn fell då bort, og det skal ikkje gjevast løyve til seksjonering/oppføring av fleire bueiningar innanfor kvart felt. Hybel tilknytt eigen bustad er tillete.»
3. Føresegnene vert oppdatert med dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene på følgjande punkt:
 - Situasjonsplan med tre einebustadtomter, datert 19.01.2024 vert lagt til som juridisk dokument.
 - VAO-rammeplan vert oppdatert med dato tilsvarande siste versjon.